



ENDÅ MEIR EKSTREM: Even Rokne utviklar ekstremjazzen til no også å innehalda eit forskingsprosjekt. Her frå fjorårets tilskiping, der han nett har landa i eigen hage – til tonane av Jon Balke og side og side med nattoget på veg til Oslo.



ARKIVFOTO: VIDAR HERRE

Skal forska på Ekstremjazzen

Får du ei sterkare oppleving av ein konsert om du samstundes heng under ein paraglidar? Dette skal Høgskulen i Lillehammer forska på etter Ekstremjazzen.

Hypotesen til Ekstrem Utvikling og Even Rokne er at frigjeringa av adrenalin i kroppen til ein som utset seg for ekstreme opplevingar gjer at sanseintrykka blir forsterka. No skal Høgskolen i Lillehammer prøva å dokumentera om dette er rett eller ikkje.

Frykt og fare

– Vår tese er at adrenalinet som vert frigjort, saman med dei andre prosessane i kroppen som skjer når ein utset seg for fare, skjerpar sanseapparatet. Dei prosessane som skjer i

kroppen før eit hopp kan du ikkje gjera noko med, seier Even Rokne. Under Ekstremjazzen palmelaurdag skal om lag 30 av publikum få oppleva Jon Balke sin komposisjon medan dei flyg tamdem paraglidar. Atle Roger Kårstad i selskapet Psytech Nor skal, saman med Morten Krohnstad Pedersen, samla inn materialet som forskarane skal jobba med.

– Høgskolen i Lillehammer skal bruka dette for å avdekka kva punkt ein kan forska vidare på, seier Rokne.

Startar prosjektet

Dei svara som Høgskolen i Lillehammer kjem fram til skal vera starten på eit lengre forskingsprosjekt. Truleg vil eksperimentet verta gjenteke ved eit seinare høve, der eit utval av publikum får oppleva ein konsert frå bakken og ein frå lufta. Idrettshøgskulen vil då ta fysiske målingar av dei personane som deltek i forskingsprosjektet.

– Det er første gong det vert forska på kva nytte ein har av ekstrem-sport. Tidlegare er det forska mykje på kva effektar ekstrem-sport har og på kva typar folk som driv med ekstrem-sport. men sjølve nytteverdien er det ikkje forska på, seier Rokne. Han seier Voss Hang- og paraglidarklubb gjev eit stort bi-

drag til prosjektet. Gjennom forbundet skal dei prøva å skaffa nok paraglidarpilotar til at prosjektet kan gjennomførast så godt som mogleg.

Viktig forskning

Om resultatet av forskinga vert slik Rokne håpar på, nemleg at ein får ei mykje sterkare oppleving av kultur om ein driv ekstrem-sport, vil det ha mykje å seia for Voss.

– Ekstrem-sport er spydspissen i marknadsføringa av Voss som destinasjon. Om me kan få vitskapleg dokumentert nytteverdien av ekstrem-sport vil det vera svært viktig, seier Rokne.

Professor Gunnar Breivik, som i ei årrekke har forska på ekstrem-

sport skal òg delta i prosjektet. Til sommaren kjem han og forskarar frå Stamford-universitetet til Voss for å sjå nærare på forskinga.

– Det kan gjera at prosjektet vert internasjonalt anerkjent, seier Rokne. Truleg kjem dei amerikanske forskarane til både Ekstrem-sportveko og The 16-way Voss Experience, sommarens arrangement for Ekstrem Utvikling.

Ekstremjazzen går føre seg på Hangur laurdag 27. mars. «Hordaland» har ikkje fått kontakt med Terje Slåtten ved Høgskolen i Lillehammer, som skal ha ansvaret for den praktiske gjennomføringa av forskingsprosjektet.

TOR HALVORSEN | tekst
th@avisa-h.no